

Høgre ynskjer vekst i alle bygder

04.03.2014



Stortingsrepresentant Peter Christian Frølich gjekk sterkt inn for ein politireform. Leiari Øyvind Lernes og ordførarkandidat Peder Sjo Slettebø er tilhøyrarar.

Høgre i Kvinnherad ynskjer vekst og utvikling i alle bygder, slo partiet fast i ei uttale frå årsmøtet i Uskedalen.

Partiet er overtydd om at satsing på sentrumsutvikling samstundes som ein har teke vare på eit desentralisert tenestetilbod er ein av dei viktigaste årsakene til at kommunen over fleire år har hatt eit svært stabilt folketal som også har auka noko.

Imidlertid er partiet uroa over at folketalet dei 2 siste åra har gått noko ned og vil møta denne trenden ved å leggja betre til rette for vekst og utvikling.

Partiet vil ha ro i skulespøsmålet og ynskjer at kommunen i større grad må samarbeide med bygdelag, bedrifter og frivillig sektor for å få til einmeir positiv utvikling i dei ulike delane av kommunen.

Kommunen må arbeida langt meir effektivt for å tilretteleggja kommunale bustadtomter i alle delar av kommunen,

Kommunen må også leggja betre til rette for bedrifter og enkelpersonar som vil utvikla industri- og næringsareal framfor at kommunen skal vera aktør.

I ei anna uttale held partiet fram at den tredelte samferdselsstrategien må liggja fast og at Kvednaneset er den mest tenlege plass for nytt fergestø på Stordsida.

Tekst, foto og NETT: Ola Matti Mathisen.